

Vinterbeitetaksering av blåbærlyng i Stranda kommune 2021-2023

Sluttrapport

Asbjørn Karbø

1.11.2023



Forord

Underteikna fekk i 2020 i oppdrag av Stranda kommune å gjennomføre vinterbeitekasering av blåbærlyng. Kartlegginga omfatta kartlegging av ni prøveflater i Stranda kommune for graden av beiteskadar på blåbærlyng under vinterbeiting av hjort. Innsamlingsperioden har føregått frå våren 2021 til 2023.

Feltarbeid og rapport er gjennomført og utarbeid av Asbjørn Karbø.

Eg ynskjer å takke Stranda kommune for oppdraget.

Framsidedilde: Inngjerdinga på Hauge 8. mai 2023.

Samandrag

Det har blitt gjennomført kartlegging ved ni utvalde lokalitetar i Stranda kommune i tidsperioden vår 2021 til og med vår 2023. Dei ni prøveflatene vart valde på grunnlag av kor det har blitt observert vinterbeite av hjort og der det var tydelege beiteskadar på blåbærlyng.


Metodikken nytta i prosjektet baserer seg på tidlegare kjent litteratur t.d. Meisingset, mfl (2008). Prøveflatenes areal var på 2x2 meter med 2 meter nettingjerde.

Resultata frå tre år med feltkartlegging og overvaking syner at dei inngjerda områda i har blitt skåna frå beiteskadar av hjort. Blåbærlyngen regenerer relativt raskt og ein ser at tettleiken av skot på blåbærplantane aukar i samsvar med lågare beitepress.

Det er stor variasjon i beitetrykk på blåbærlyngen fordelt over dei ni prøveflatene. I visse områder som Nybø, Hauge, Frøysa 1, Hessgjerde 1 og Hessgjerde 2 er beitetrykket svært høgt, og det er vanskeleg å finne blåbærlyng som ikkje er kraftig nedbeita av hjort. Det er også her ein ser den største effekten av inngjerdinga ved at blåbærlyngen regenererer.

Områdeskildring

Prøveflatene vart etablert våren 2020. Dei vart satt opp med ein størrelse på 2x2 meter, med 2 høgder 1m høg sauenetting. Ni prøveflater vart satt ut i Stranda kommune, på stadar kor det var oppservert beiteskadar på blåbærlyng av hjort (**figur 1**). Prøveflatene på Hessgjerde (nr 6 og 7) vart tatt ned etter taksering våren 2022, på grunn av bygging av skogsbilveg gjennom området der prøveflatene var etablert.



Figur 1. Lokalisering av prøveflatene 1: Nybø, 2: Kirkebakken, 3: Hauge, 4: Frøysa 1, 5: Frøysa 2, 6: Hessgjerde 1, 7: Hessgjerde 2, 8: Ringset, 9: Overå.

Metode og Datagrunnlag

Det vart gjennomført beitetaksering etter same framgangsmåte som presentert i Meisingset, mfl (2008). Totalt vart det satt opp ni prøveflater våren 2020. Størrelsen på prøveflatene var på 2x2 meter, og med en høgde på 2 meter (sauenetting). Prøveflatene vart plassert i områder kor det var observert beiteskadar på blåbærlyng forårsaka av hjort. To av prøveflatene (ved Hessgjerdet) vart tatt ut av drift etter to års innsamling grunna bygging av skogsbilveg.

8. mai 2021, 30. april 2022, 24. april og 7. mai 2023, vart det gjennomført taksering av alle prøveflater. Blåbærlyngen vart undersøkt både på innsida og utsida av inngjerda prøveflater. Fem tilfeldige blåbærplanter vart vald ut inne i prøveflata, i tillegg til fem planter på tre forskjellige punkt utanfor inngjerdinga. På kvar blåbærplante vart det tald tilgjengelege og beita skot. I tilfelle der blåbærlyngen var svært nedbeita, vart det lagt ut ei prøveflate på 50x50 cm der alle tilgjengelege blåbærskot vart talde.


Differansen mellom tilgjengelege blåbærskot innanfor og utanfor dei inngjerda områdene vart nytta til å sei kor stort beitepresset var. Fylgjande klassifisering, som også er nytta av andre tilsvarande kartleggingar (Meisingset, mfl 2008), var brukt for å kategorisere beitepress:

- a) lett beitetrykk: mindre enn 30 % av skota er beita
- b) lett til moderat beitetrykk: når 30-45 % av skota er beita
- c) moderat til høgt beitetrykk: 45-60 % av skota er beita
- d) høgt beitetrykk: meir enn 60 % av skota er beita

I tillegg til beitetrykk vart gjennomsnittleg høgde på blåbærplantene målt både innanfor og utanfor inngjerdinga.

Resultat

Gjennom ein treårsperiode har alle prøveflatene klart seg godt gjennom vintrane og inngjerdingane har halde hjorten ute. Basert på tre år med kartleggingar, syner data at dekninga av tilgjengelege blåbærskot er generelt større innanfor dei utvalde prøveflatene som har blitt inngjerda. Dette syner at ein oppnår ynskt effekt ved å gjerde ute hjorten. Beitetrykket har på nokre av lokalitetane har vore konstant, medan for andre har det variert (**figur 2**).



Figur 2. Beitetrykk utanfor inngjerda områder i 2021, 2022 og 2023.

Prøveflater med høgt beitetrykk gjennom heile studieperioden (2020-23).

Nybø, Hauge, Frøysa 1, Hessgjerde 1 og Hessgjerde 2.

På alle disse lokalitetane var blåbærlyngen fullstendig nedbeita ved alle takseringsår. Det var svært få tilgjengelege blåbærskot utanfor inngjerdinga (**figur 3** og **4**). Det er jamt høgt beitetrykk på desse lokalitetane. Inne i inngjerdinga regenererer blåbærplantene og dannar tuer med fleire skot (**figur 5**). Likevel er lyngen i nokre områder fortsatt sterkt prega og undertrykt av tidlegare års beiting også innanfor inngjerdinga.

Prøveflater med varierende beitetrykk i studieperioden 2020-23.

Kirkebakken, Frøysa 2, Ringset og Overå

Kirkebakken: På Kirkebakken var det lett til moderat beitetrykk etter vinteren 2020-21, men det var teikn til meir beiting etter vinteren 21-22. Under kartlegginga våren 2023 blei det igjen kartlagt lite beiteskadar utanfor inngjerda område.

Dekningsgraden av blåbær er relativ lav i området og det ligg i eit søkk med mykje skygge, noko som gjer det vanskeleg å berekne beitetrykk. Det er flekkvis store forskjellar i området, men det er generelt få store klynger med lyng utanfor ruta, noko som det er meir av inne i prøveflata. Det er derfor teikn til noko beitepress på lokaliteten, då det ikkje førekjem tuer av blåbærlyng utanfor inngjerdinga, slik som det no gjer innanfor.

Frøysa 2: Som på Kirkebakken var det lite hjortebeite på Frøysa 2 etter vinteren 2020-21, men teikn til meir beiting vinteren 21-22. I 2023 var det igjen mindre teikn til beiting. Også denne lokaliteten har lite dekningsgrad av blåbær, og det er vanskeleg å vurdere kva som er beiting frå påfølgande vinter og kva som er frå tidlegare vintrar, noko som kan ha samanheng med dårleg naturgrunnlag for blåbær. Likevel er det teikn til beiting utanfor prøveruta då enkelte tuer ber preg av beiting.

Ringset og Overå: Lokalitetane i Liabygda hadde ingen teikn til hjortebeiting etter vinteren 2020-21, til tross for stor dekningsgrad av blåbærlyng. Desse områdene var derimot tydeleg beita i løpet av vinteren 2021-22 og vart då taksert til moderat til høgt beitetrykk. Etter vinteren 22-23 var det igjen mindre beiteskadar, då berre eksponerte tuer og enkelte blåbærplanter var beita.

Innafor prøveflatene går det framleis sakte med regenerering av lyngen, men dekningsgraden tar seg stadig opp og andre planter som rogn tre trivest og sett nye skot. Rognskota er som regel alltid beita utanfor rutene.



Figur 3. Venstre: Nedbeita blåbærplante utanfor inngjerding. Høgre: Regenerert blåbærplante innanfor inngjerding som fortsett ber preg av tidlegare års beiting.




Figur 4. Nedbeita blåbærlyng utanfor inngjerding.




Figur 5. Regenerert blåbærlyng innanfor inngjerding.

Høgde på blåbærlyng


Blåbærlyngen utanfor inngjerding er stort sett lik både ved taksering i 2021, 2022 og 2023 (**figur 6 og 8**). Som antatt, er lyngen høgare og fortsett å vekse innanfor inngjerding (**figur 7 og 9**).




Figur 6. Høgde på blåbærlyng utanfor inngjerda områder i 2021, 2022 og 2023.



Figur 7. Høgde på blåbærlyng innanfor inngjerda områder i 2021, 2022 og 2023.



Figur 8. Periodevis utvikling i blåbærlyngens vekst gjennom tre år, blåbærlyngen innanfor utanfor område. Blåbærplantene er målt i cm.



Figur 9. Periodevis utvikling i blåbærlyngens vekst gjennom tre år, blåbærlyngen innanfor inngjerd område. Blåbærplantene er målt i cm.

Diskusjon

Det er tydeleg at det er kraftig beitepress på blåbærlyngen i visse områder av kommunen. Inngjerding av blåbærlyng har gitt ein svært god visuell indikator på korleis hjorten påverkar vegetasjonen i utsette områder. Registrering av beiteskadar på blåbærlyng gir derfor ei god føresetnad av kor ein bør auke uttaket av vilt eller kva bereevna av vinterbeitet er.

Ein studie gjennomført i Stryn i 2013 synte at blåbær var ein svært stor bidragsytar i hjortens bruk av områder, områder som låg sørvendt og hadde høgare tettleik av blåbær planter hadde og høgare tettleik av hjort (Hegland & Aabrekk 2012).

Visst det er ynskeleg og få ned beitetrykket i visse områder av Stranda kommune bør ein truleg auke uttaket av dyr seinhaust, då vinterbeitande dyr kjem trekkande frå sommar- og haustbeita. Eit høgare uttak av dyr fordelt over heile kommunen er eit mogleg forvaltningsmessig grep for å minske beitetrykket i dei utsette vinterbeiteområda.

Litteratur

Meisingset, E. L., Brekkum, Ø., & Ebbesvik, M. (2008). Kartlegging av beitestatus i vinterbeiteområder for hjort på Søre-Sunnmøre. *Bioforsk Rapport*.

Hegland, S. J. & Aabrekk, 2012. Kartlegging av beitetilbod og beitetrykk av hjort i Stryn kommune. Norsk Hjortesenter Fagrapport 3/12.: 1-30